



IL Skarphedin

Hovudstyret

Referat frå hovudstyremøte

måndag 14.mars kl. 1900-2210 på Hellandtunet

Tilstades: Brynjulv Eika - leiar(fotball), Liva Espedalen (handball), Jon Hesthag (langrenn), Helge Nymoen (barneidrett), Åge Seltveit (sykkel), Olav Finstad (friidrett), Bjørn Furnes (rekneskapsfører), Jan Berge(kontrollkomiteen) og Christian Dahl (kontrollkomiteen)

Fråver: ØysteinWendelborg (alpin) og Kristin Sekse Vikane (svømming)

SAKER

1. Referatsaker

Gjennomgang av referatet frå styremøte 28.9.2010

-vedtaket i sak 19 om å sende brev er ikkje gjort. Leiaren tek tak i saka no. Liva orienterte om at det er lite nytt i saka sidan møtet.

-lysløypa Nordbøåsen – sjekking av stolpar. Ikkje gjort noe med det enno. Langrennsgruppa går vidare med saka.

Årsmøtet i Idrettsrådet sist torsdag. Leiar og nestleiar i IL Skarphedin var tilstades. I tillegg var handballgruppa representert. Synleggjering av idretten i samband med kommunevalet er nytt punkt på Handlingsplanen der. Elles er Frode Telseth og Anita Hellestad frå Skarphedin valt inn i det nye styret. Augon Eika (Bø skiskytterlag) er leiar eit år til.

2. Fordeling av fellesinntekter frå 2010

Dette gjeld inntekter frå Grasrotandelen samt bingoinntekter. Lokale aktivitetsmidlar er fordelt tidlegare, gjennom vedtak i Idrettsrådet.

Barneidretten er ikkje med i fordelinga av desse fellesinntektene då Hovudstyret har tatt ansvar for økonomien til Barneidretten gjennom prinsippvedtak i fjor.

Vedtak:

- > *Prinsippvedtak: Aktivitet skal danne grunnlaget for deling av laget sine fellesinntekter.*
- > *Laget nyttar særgruppene sine registreringar i Idrettsregistreringa for 2010 som fordelingsnøkkel for deling av fellesinntekter i 2010.*
- > *Styret er opptatt av kvaliteten på registreringa i Idrettsregistreringa, og at denne registreringa stemmer så godt det lar seg gjere med betalande aktive medlemmer i laget. Styret kjem tilbake til dette på seinare møte.*
- > *Styret ønskjer å undersøke om nettsida kan brukast meir aktivt i medlemsarbeidet m.a. ved at særgruppene kan nytte denne til å registrere og oppdatere register over sine aktive, og at desse listene i neste omgang kan nyttast til å fakturere treningsavgift og medlemskontingent.*

Bjørn og Helge kjem med ei vurdering av siste punktet til neste møte.

Vedtaket innebar at fordelingsnøkkelen for 2010 slik denne vart presentert av Bjørn i møtet vil gjelde for 2010.

3. Årsrekneskap 2010 – særgruppene

- > Friidrettsgruppa har eit stort underskot i 2010. Det skuldast i hovudsak innkjøp av nytt tidtakaranlegg til kr.130.000, samt innkjøp av klubbdraktar.
- > Fotballgruppa har eit bra overskot i 2010, i motsetning til året før. Stor kostnad til straum i Telemarkshallen 2010. Gruppa må gjere forbetring i å få inn treningavgiftene. Bjørn Furnes tar denne jobben framover.

- > Handballgruppa har eit stort underskot i 2010. Det skuldast ei arbeidsrettssak og manglande økonomistyring frå styret si side. Det er låg eigenkapital i gruppa no. Det gamle styret kjem med tiltak til årsmøtet i gruppa for å komme seg på fote att. **Kontrollkomiteen vil følgje opp saka direkte med handballgruppa.**
- > Langrennsgruppa vil få eit betydeleg underskot i 2010. Rekneskapen er ikkje ferdig enno. **Kontrollkomiteen ser med bekymring på økonomistyringa i langrennsgruppa.** Hovudstyret vil ta den endelege rekneskapen opp på neste styremøte, før vedtak på årsmøtet i laget 28. april.
- > I dei andre gruppene er rekneskapa i samsvar med budsjettet for 2010.

Kontrollkomiteen er ikkje nøgd med kvaliteten på økonomistyringa og rekneskapsrutinene i mange av gruppene, og ber alle særgruppene prioritere dette arbeidet.

Vedtak:

- > *Hovudstyret vektlegg behovet for kontinuitet i handballstyret, og ser med litt uro på at nesten heile styret sannsynlegvis blir skifta ut på årsmøtet i gruppa 28. mars.*
- > *Det blir kurskveld for kasserarar og leiarar etter årsmøtet. Bjørn Furnes leier dette.*

4. Budsjett 2011 - særgruppene

Styret gjekk igjennom framlagde budsjett. Det mangla budsjett for eit par av gruppene.

Vedtak:

- > *Styret og kontrollkomité ber handballgruppa om å få tilsendt nytt budsjett samt tiltaksplan for å få økonomien i balanse før dette skal opp på årsmøtet i handballgruppa. Styret ber også handballgruppa om ei orientering på neste hovudstyremøte 11. april.*
- > *Styret ber langrennsgruppa og symjegruppa sende budsjett til hovudstyret så snart som råd.*
- > *Utover dette var det ingen kommentarar til framlagde budsjett*

5. Årsrekneskap 2010 hovudstyret

Rekneskapet for hovudstyret viste eit underskot på 53.881

Hovudstyret meiner at eigenkapitalen til Hovudstyret som eit minimum bør ligge på rundt 100.000 kr. Eigenkapitalen pr 1.1.2010 var på 138.918.

Vedtak:

Særgruppene dekker halvparten av underskotet til Hovudstyret. Den andre halvparten blir belasta eigenkapitalen til Hovudstyret.

6. Budsjett 2010 hovudstyret

Budsjettet vart gjennomgått. Vedtatt budsjettforslag med resultat kr. 0 inneber ei vesentleg auke av antal betalande medlemmer. Bjørn sender ut endeleg forslag.

7. Aksjonæravtale IL Skarphedin - Bø kommune (Telemarkshallen AS) til godkjenning

Vedtak:

Hovudstyret innstiller for årsmøtet 28. april at avtala blir godkjent.

8. Årsmøtet / Møteplan

Årsmøtet blir torsdag 28.4 kl. 1800 på Sandvoll.

Nytt styremøte blir måndag 11. april kl. 1900 på Hellandtunet.

9. Orienteringssaker

Anleggssituasjonen

-handball – Ny hall anten i Gullbring eller på Bø vidaregåande skule. Ingenting avklart.

-langrenn – Anlegg på Nordbøåsane er godt i gjenge.